



Rådmannen i Lindås



Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/4135 - 15/37621

Saksbehandlar:
Olaf Michal Hella
Olaf.Hella@lindas.kommune.no

Dato:
15.12.2015

Varsel om vedvarende grov fysisk og verbal mobbing på Knarvik ungdomsskule

Viser til anonymt varsel sendt 8. desember og motteke 9. desember 2015. I varselet kjem det fram at det er allment kjent at elevar har daglege opplevingar av grov mobbing av fysisk og verbal karakter. Meldar skriv at varselet i hovudsak gjeld 8. trinn. Ein opplyser om at kontaktlærarar er varsla gjentekne gongar utan at det er sett inn tiltak som får slutt på mobbinga.

For rektor er det viktig å påpeike at skulen har nulltoleranse for krenkingar, både fysiske og verbale. Skulen har gjennomgåande rutinar der alle saker som vert teke opp skal meldast til skuleleiinga som set i verk tiltak. Det vert skrivne enkeltvedtak og kalla inn til oppfølgingsmøte. Dei siste åra har skulen handsama mellom 5 og 10 slike vedtak pr år. I alle saker har ein i evalueringsmøtet konkludert med at saka er løyst og det ikkje er naudsynt med tiltak vidare.

I denne aktuelle saka er det ikkje opplyst om ei konkret hending eller elev som er mogeleg å spore. Såleis kan ikkje skulen i denne saka setje inn tiltak som er målretta på enkeltelver. Svaret her vert difor generelt i forhold til alle elevane.

Skulen arbeider i forhold til § 9A etter desse styringsdokumenta:

RETNINGSLINER FOR SYSTEMATISK ARBEID MED ELEVANE SITT SKULEMILJØ - GRUNNSKULEN I LINDÅS
SYSTEMATISK ARBEID MED ELEVANE SITT SKULEMILJØ -Knarvik ungdomsskule -Lindås kommune
Begge styringsdokumenta er vedlagt.

Lovgrunnlag:

«§ 9a-3. Det psykososiale miljøet

Skolen skal aktivt og systematisk arbeide for å fremje eit godt psykososialt miljø, der den enkelte eleven kan oppleve tryggleik og sosialt tilhør.

Dersom nokon som er tilsett ved skolen, får kunnskap eller mistanke om at ein elev blir utsett for krenkjande ord eller handlingar som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme, skal vedkommande snarast undersøkje saka og varsle skuleleiinga, og dersom det er nødvendig og mogleg, sjølv gripe direkte inn.

Dersom ein elev eller forelder ber om tiltak som vedkjem det psykososiale miljøet, deriblant tiltak mot krenkjande åtferd som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme, skal skolen snarast mogleg behandle



saka etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova. Om skolen ikkje innan rimeleg tid har teke stilling til saka, vil det likevel kunne klagast etter føresegnene i forvaltningslova som om det var gjort enkeltvedtak.»

Vedtak:

Knarvik ungdomsskule har etter meldinga sett i verk desse tiltaka:

- Alle kontaktlærarar har fått kopi av meldinga. Dei vert beden om å undersøke, melde vidare dersom dei kjenner til krenkingar av fysisk eller verbal art.
- På skulenivå gjer vi ei kartlegging der vi vurderer om det må setjast inn målretta tiltak.
- Alle som har inspeksjon i friminutta vert beden om å vere ekstra på vakt og å melde vidare om det vert observert krenkingar.
- Varselet med svar vert sendt til skulen sine rådsorgan.
- Alle kontaktlærarar går gjennom svara på elevundersøkinga i sin klasse. Personalet vil samla sjå på tiltak for heile skulen. Elevundersøkinga vart gjennomført i slutten av november.
- Helsesøster gjennomfører samtalar med enkeltelever og grupper.
- Kontaktlærar samtalar med klassane om det psykososiale miljøet både i klassen og på skulen.

Med helsing

Olaf Michal Hella
rektor

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Elevane sitt skulemiljø - retningsliner

Revidert plan for psykososialt arbeid for elevar og tilsette på Knarvik ungdomsskule

Mottakarar:

Rådmannen i Lindås

Ordfører i Lindås

Helsesøster ved Knarvik

ungdomsskule

FAU Knarvik ungdomsskule

